



# Fjellskred i Geirangerfjorden 8. mai 2017

*Ingrid Skrede*

4  
2018



R A P P O R T

# **Rapport nr 4-2018**

## **Fjellskred i Geirangerfjorden 8. mai 2017**

**Utgitt av:** Norges vassdrags- og energidirektorat

**Redaktør:** Ingrid Skrede

**Forfattarar:** Ingrid Skrede

**Trykk:** NVEs hustrykkeri

**Opplag:**

**Forsidefoto:** Mathias Etnestad

**ISBN** 978-82-410-1653-0

**ISSN** 1501-2832

**Samandrag:** Rapporten samanfattar arbeidet som er gjort og kva som er kjent om fjellskredet som gjekk i Geirangerfjorden 8. mai 2017.

**Emneord,**  
**nynorsk:** Fjellskred, Geirangerfjorden, tsunami

**Emneord,**  
**bokmål:** Fjellskred, Geirangerfjorden, tsunami

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Telefaks: 22 95 90 00

Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

2018

# Innhold

|                                |          |
|--------------------------------|----------|
| <b>Forord .....</b>            | <b>2</b> |
| <b>Samandrag .....</b>         | <b>3</b> |
| <b>1 Innleiing.....</b>        | <b>4</b> |
| <b>2 Tidlegare arbeid.....</b> | <b>4</b> |
| <b>3 Arbeid utført.....</b>    | <b>6</b> |
| <b>4 Resultat .....</b>        | <b>6</b> |
| <b>5 Vurdering.....</b>        | <b>8</b> |
| <b>6 Referansar.....</b>       | <b>9</b> |

# Forord

NVE har det overordna ansvaret for statlige forvaltningsoppgåver innan førebygging av flomskader og skredulykker. Dette inkluderer kartlegging av fare for store fjellskred og risikoklassifisering. Geirangerfjorden er eit av risikoområda for fjellskred og flodbølgjer. Skredet og flodbølgja som oppstod i mai 2017 fekk stor merksemd hos kommunen og media. Dokumentasjon av slike skred og flodbølgjehendingar gir også viktig kunnskap som kan brukast ved analyse av fjellskredrisiko. NVE bestemte seg difor for å følgja opp og dokumentera hendinga. Norges geologiske undersøking (NGU) har også deltatt i arbeidet. Denne rapporten gir ein dokumentasjon og ein vurdering av faren for nye skred.

Oslo, januar 2018



Lars Harald Blikra

seksjonssjef

# **Samandrag**

8. mai 2017 gjekk det eit fjellskred under Jolegrovå på sørsida av Geirangerfjorden. Skredet hadde eit volum på om lag 167 000 m<sup>3</sup> og vart registrert på det seismiske nettverket i Sør-Noreg. Når skredmassane nådde fjorden blei det generert ein merkbar tsunami, utan at det var store øydeleggingar. Det ser ikkje ut som fjellskredet er knytt til ein større ustabilitet, men det er sannsynleg at det vil komme mindre steinsprang og skred frå området.

# 1 Innleiing

8. mai 2017 gjekk det eit fjellskred under Jolegrova på sørsida av Geirangerfjorden (Figur 1). Skredmassane nådde fjorden og genererte ein tsunami. Både skredet og bølgjene blei observert av

båtar, turistar og andre i området, og er dokumentert på film (Figur 2). Fjellskredseksjonen i NVE har undersøkt hendinga, og denne rapporten samnfattar kva arbeid som er gjort og kva som er kjent om skredhendinga.



Figur 1: Fjellskredet gjekk under Jolegrova, på sørsida av Geirangerfjorden.


glideplan blei observert. I 2013 vart området rekognosert igjen, og det blei vurdert som eit potensielt, framtidig ustabilt fjellparti. Det vil seie at det er strukturar tilstade som kan utvikle seg og bli eit ustabilt fjellparti i framtida, men at det ikkje er funne opningar eller andre teikn til postglasial deformasjon i fjellsida (pers. med. Thierry Oppikofer, NGU). Fjellskredet som gjekk 8. mai ser ikkje ut til å vere knytt til desse større strukturane og det er heller ingen indikasjonar på bevegelsar langs desse. Fotogrammetri eller lidarskanning kan bli utført på eit seinare tidspunkt for å undersøke dette nærmare.

# 2 Tidlegare arbeid

Norges geologiske undersøking (NGU) har tidlegare studert området gjennom det nasjonale kartleggingsprogrammet for ustabile fjellparti (Henderson m. fl., 2006). Undersøkingane omfatta eit langt større område enn det som rasa 8. mai. Under synfaringa i 2005, blei kilometer lange aust-vest orienterte linament og fleire meter breie sprekker dokumentert. I tillegg blei det påpeika at foliasjonen fell mot fjorden, og at der var ekstensjonsstrukturar som var knytt saman med sidevegs forkastingar. Ingen



Figur 2: Bilete av skredet henta frå video (Foto: Mathias Etnestad).



Figur 3: Bilete viser losneområdet, skredbane og restar av skredmateriale som flyt i fjorden.


## 3 Arbeid utført

Skredområdet blei synfare frå helikopter same ettermiddag som skredet gjekk (8. mai) og påfølgjande dag. Området blei fotografert, og NGU har nytta bileta til å lage ein terrenghmodell med fotogrammetri. Dei har vidare samanlikna denne med andre terrenghmodellar for å estimere volumet av skredet. Seismiske signal frå skredet er undersøkt (NORSAR og Norsk Nasjonalt Seismisk Nettverk) og Norges Geotekniske Institutt (NGI) har fått i oppdrag å dokumentere den påfølgande flodbølgja og verknadane etter denne.

## 4 Resultat

Fjellskredet blei registrert av dei fleste stasjonane i Norsk Nasjonalt Seismisk Nettverk (NNSN) i Sør-Norge, heilt sør til Snartemo, 430 km unna (Norsk Nasjonalt Seismisk Nettverk, 2017).

Det vart også registrert av ein stasjon i Sverige. Den seismiske energien generert av fjellskredet tilsvara eit jordskjelv med styrke 2 på Richters skala. Skredet blei ikkje utløyst av jordskjelv. Data frå den seismiske stasjonen på Åknes, 12 km frå skredet, viser at skredet starta 15:49 og at det varte i 10 - 15 sekund (Figur 4).



Figur 4: Diagrammet viser utslag som følge av skredet på seismografen på Åknes (NORSAR).

Skredet starta ca. 580 moh. i ei bratt fjellside (Figur 3). Losneområdet er om lag 80 m breitt og 100 m langt (Figur 5).


Bakskrenten er overhengande i øvre del med

ei glatt foliasjonsparallelle flate under, som går over til ein subvertikal fjellvegg. Det er rift i den omliggande vegetasjonen. I nordaust var det ein frittståande fjellvegg i øvre del før skredet, og i nedre del er området avgrensa av ein tydeleg rett struktur, som kan vere ei eldre forkasting eller sprekk. Den sørvestlege avgrensing er tydeleg, men irregulær. I nedre del er det også eit glatt plan som ser ut til å vere foliasjonsparallel. Det er ei hylle i midten av losneområdet der det ligg att nokre blokker. I skredbana ligg det att steinmateriale i ulike storleikar, frå blokker til steinstov.

Det eksisterer høgoppløyslege terrenghmodellar av området frå 2006 og 2015, begge laga frå lidardata. Etter skredet 8. mai laga NGU ein ny terrenghmodell ved hjelp av fotogrammetri av NVE sine bileter. Differansen mellom modellane frå 2015 og 2017, viser at skredet 8. mai hadde eit volum på om lag  $167\ 000\ m^3$ , og er då eit fjellskred etter den nasjonale definisjonen ( $> 100\ 000\ m^3$ , (Høst, 2006)). Differansen mellom modellane frå 2006 og 2015 viser at om lag  $87\ 000\ m^3$  har rasa, men relativt store usikkerheiter er knytt til desse tala. Det er heller ikkje kjent om dette har skjedd som ei eller fleire hendingar.



Figur 5: Losneområdet er markert med stripla linje.



Figur 6: NGU har samanlikna terrenghodeller og estimert at volumet av skredet 8. mai var omlag  $167\ 000\ m^3$  (midten). Mellom 2007 og 2015 har det også vore ras, men det er usikkerheitar knytt til dette volumestimatet (til høgre).

Skredet genererte ein merkbar tsunami i fjordsystemet. I strandsona i nærleiken av skredet har bølgjene erodert og endra fargen på vegetasjonen over den normale tidevasslinja (Figur 7). I fjorden flaut det trestammar, anna vegetasjon, og steinstøv i etterkant av skredet. Ferje og båtar merka bølgjene, som også ga skader av mindre karakter i strandsona. Restar av tsunamien kunne merkast ved Stranda, 33 km frå skredet. NGI skal på oppdrag for NVE dokumentere tsunamien og verknadane etter den.



Figur 7: Spor etter tsunamien kan observerast på skredvifta ved erosjon av vegetasjonen over strandlinja, og endra farge på vegetasjonen.

## 5 Vurdering

I etterkant av skredet har det vore mindre steinsprang og steinskred frå området. Synfaringa avdekkar at det låg fleire lause blokker igjen i losneområdet (Figur 8). I tillegg er det ei open sprekk bak ein hammar i tilknyting til området. Det er sannsynleg at delar av dette vil rase, men volumet er mindre enn skredet 8. mai, og det vil truleg ikkje få konsekvensar, utover den faren det medfører ved ferdsle eller opphold i nærområdet under fjellsida.

## 6 Referansar



Henderson, I. H. C., Saintot, A., & Derron, M. H. (2006). Structural mapping of potential rockslide sites in the Storfjorden area, western Norway: the influence of bedrock geology on hazard analysis *NGU report 2006.052*. Trondheim.

Høst, J. (2006). Store fjellskred i Norge *Landbruks- og matdepartementet* (Vol. 6).

Norsk Nasjonalt Seismisk Nettverk. (2017). Ras i Geirangerfjorden. Retrieved 9. mai, 2017, from <http://nnsn.geo.uib.no/>



Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat

Norges vassdrags- og energidirektorat

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

Telefon: 22 95 95 95  
Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

